



Beitelaga adresseliste (epost)

Saksbehandlar, innvalstelefon

Randi Erdal, 5764 3073

Kari Elsa Des Bouvrie, 55 57 20 22

Hermund Mjelstad, 57 64 31 24

Rune Mikkelsen, 55 57 21 81

## Informasjonsbrev til beitelaga våren 2020

Her kjem informasjon som vi håpar er nyttig for beitelaga i Vestland.

### Tilsynsliste/rapportskjema

Vedlagte skjema kan nyttast for å få inn opplysningar om beitesesongen. Det er krav om tilsyn i beiteområdet minst ein gong pr. veke. Beitelagsleiaren skal rapportere inn ei samla oversikt. Det er berre tal tapte dyr på utmarksbeite som skal inn i statistikken for Organisert beitebruk. Det vil sei at tap inne og på vår- og haustbeite ikkje skal takast med. For å lukkast best mogeleg med tapsførebyggjande arbeid, er det viktig med ei mest mogeleg fullstendig oversikt over tapsårsakene. Det er såleis viktig at kvar bonde melder inn både sikre og trulege tapsårsaker for sin buskap.

### Freda rovdyr status 2020

Det er felt ein hannjerv i Sogn i vinter/vår, ved ekstraordinært uttak. Det er dokumentert ulv i området Hyllestad/Fjaler/Høyanger. Luster kommune har i år teke på seg ansvaret for administrering av skadefellingslag. Det har i vår vore fem fellingsforsøk på ulven, det siste fellingsløyve går ut 17. juni.

### Ved mistanke om tap grunna freda rovdyr

Dersom du finn kadaver som du trur kan vere drepe av freda rovdyr må du melde frå til Statens naturoppsyn (SNO) så raskt som mogleg. Det same gjeld om du finn spor etter eller ser freda rovdyr i beiteområdet. Dersom det er mistanke om tap av dyr pga. rovdyr, er det viktig med dokumentasjon, både for å få sett i gang tiltak og for å kunne sikre erstatning av tap. Ved funn av kadaver der freda rovvilt kan vere skadegjerar, er det eit krav om at SNO blir varsla dersom ein skal krevje erstatning.

### Hugseliste ved funn av kadaver

- Ta fleire bilete av kadaveret
- La kadaveret ligge mest mogleg urørt, men dekk til med kvist, busker stein og mose. Om det er kaldt og kadaveret ikkje ligg i sola, kan ein eventuelt bruke bossekk
- Merk funnstaden så nøyaktig du kan. Om du har dekning er det aller best at du tek skjermbilde som syner GPS posisjonen din.
- Ring SNO, send bilete av kadaver og posisjon

**Rovviltkontaktane til SNO:**

Område	Namn	Mobil
Regionansvarleg for Vestland	Rein Arne Golf	480 94 364
Nordfjord	Sverre Sæten	404 48 216
Sunnfjord	Finn Olav Myhren	468 98 112
Sogn	Aina Elise Stokkenes	416 24 301
Sogn	Trond Rune Flikki	913 38 078
Sogn	Håkon Øydvinn	995 67 650
Hardanger m. omland	Harald N. Andersen	902 13 685
Sør i Hordaland	Andreas Dunkley	480 25 444
Ytre Hordaland	Hartvig Haugen	970 13 594
Nordhordaland	Ingmar Slettemark	957 09 271

Forvaltningsansvaret for freda rovvilt i region 1 ligg til rovviltnemnda. Leiar for nemnda er Aleksander Øren Heen frå Årdal, tlf. 911 34 842. I tillegg er Trude Brosvik og Sigbjørn Framnes med i nemnda for Vestland fylke.

**Skadefellingsløyve**

Skadefelling er eit verkemiddel i akutte skadesituasjonar. Fylkesmannen kan tildele fellingsløyve innanfor kvoter som er fastsett av rovviltnemnda i regionen. Vedtak om skadefelling er frikopla frå grunneigarretten. Dersom SNO dokumenterer tap grunna freda rovdyr ved kadaverfunn, kan de søke Fylkesmannen om skadefellingsløyve. Kontaktperson er *Hermund Mjelstad* [fmsfjm@fylkesmannen.no](mailto:fmsfjm@fylkesmannen.no), mobil 481 43 095 og *Rune Mikkelsen*, [fmhorjm@fylkesmannen.no](mailto:fmhorjm@fylkesmannen.no), tlf: 55 572181. Sjå heimeside til Fylkesmannen for meir informasjon.

**Skandobs**

Skandobs <http://www.skandobs.no/> er eit felles skandinavisk rapporteringssystem for store rovdyr. Observasjonane som kjem inn her vert også meldt vidare til SNO. Vi oppmodar næringa til å ta i bruk dette verktøyet for å få best mogleg oversikt.

**Oppdatering av opplysningar i beitelaget**

For å få oversyn over tap av dyr på beite er vi heilt avhengige av at dei rundt 200 beitelaga i Vestland melder inn tapstala sine. I tillegg til denne rapporteringa gjer beitelaga ein viktig jobb for å førebygge og redusere tap av dyr på beite og bidreg til eit godt fagmiljø. Årsmeldingane frå beitelaga viser at dei fleste laga arbeider godt, og det er mange lag med stor aktivitet.

Når vi sender ut brev til beitelaga nyttar vi adressa som er registrert i enhetsregisteret (i Brønnøysund), så hugs å oppdatere den når det er endringar. Dei fleste beitelaga har meldt inn ei e-postadresse på ein kontaktperson for sitt lag til oss. Vi ber om at de melder inn endringar til oss, slik at desse e-postadressene til ei kvar tid er oppdaterte.

Det vart ikkje gjennomført generelle møterunde for beitelaga i vår, men vi vil ha møte om vi har aktuelle tema.

Fylkesmannen ynskjer å halde fram med ein god dialog med næringa om utfordringar og behov. Ta gjerne kontakt med oss om de har innspel til oss.

Lukke til med arbeidet ute i laga og med beitesesongen!



Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær  
assisterande landbruksdirektør

Randi Erdal  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- Rapportskjema for beitesesongen 2020

Kopi elektronisk

- Kommunane i Vestland
- Mattilsynet Sør- Vest

Kopi på epost:

- Hordaland Sau og geit
- Sogn og Fjordane Sau og geit
- Sogn og Fjordane Bondelag
- Hordaland Bondelag
- Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag
- Hordaland Bonde- og småbrukarlag
- SNO v/regionansvarleg